



Plan og byggesak
Marianne Aadland Sandvik

Referanser:
Dykkar: cedf4998-1982-4fad-
aa74-0967a12a5b15
Vår: 21/1322 - 21/13098

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
25.02.2021

Uttale frå landbruksavdeling til søknad om bygging av sagbruk og hall - gbnr 186/2 Åse nordre

Tiltak: Oppføring av sagbruksbygg og landbrukshall
Byggjestad: Gbnr: 186/2
Tiltakshavar: Arild Aase

Bruket er i aktiv drift med grovforproduksjon for sal, aktivitetar knytt til skog, utleige av stallplassar, og utleige av areal til hundetrening.

Landbruksavdelinga er samd med søkjar at det kan stillast spørsmål kring kvifor arealet er sett av til eit føremål som ikkje søkjar ynskja og at det er sett krav om regulering. I arealformål LNF – spreidd næring vil alle aktivitetar som er tillate i LNF-område og vera tillate, og det skal difor ikkje begrensa utviklinga av landbruksnæringa om arealet er sett av til LNF -spreidd næring.

Den eine delen av søknaden gjeld oppføring av sagbruk og landbruksbygg. Landbruksavdelinga har tidlegare uttalt seg om sagbruket og denne er framleis gjeldande. Sagbruket er i tråd med landbruksføremålet i LNF. Det kan nemnast at Innovasjon Norge nyleg har løyvd tilskot til bygging av sag, og det er difor viktig at byggjeløyve kan gjevast så snart som råd slik at planane kan realiserast. Landbruksavdelinga har vore på synfaring på staden og finn plassering og planar fornuftig.

Den andre delen av søknaden gjeldt landbrukshall – til fleire føremål. Området der denne er tenkt plassert ser for landbruksavdelinga ut til å liggja utanfor område til spreidd næring, men i LNF område. Etter vår meining er det eit restareal på garden. I gardskartet er arealet registrert som anna areal. Det har ikkje potensiale til å verta jordbruksareal eller vera attraktivt for friluftsliv eller anna. Plasseringa inne i botn gjer at det vanskeleg kan nyttast til andre ting og eit bygg her vil verken verka skjemma eller få negative konsekvensar for ein framtidig reguleringsplan. Infrastrukturen er allereie etablert,

det er ingen naboar som vert berørt, og det er eit bygg som søkjar har bruk for i næringa si. Tiltaket handlar om utvikling av både tilleggsnæringane og landbruksnæringa som allereie er etablert på bruket. Innføring på desse er ikkje av slik storleik at dei kan forsvare ein lang og kostbar reguleringsprosess.

Tilhøvet til rasfare og bandlegging i høve til E 39 må sjølvstøtt avklarast, men me vil rå til at det vert gitt dispensasjon frå eventuelle plankrav og løyve til å byggja.



Figur 1 plankart



Situasjonskart - Landbrukshall Aase 186/2
Figur 2 situasjonskart

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Plan og byggesak